

# PROSJEKTPLAN

## *Forprosjekt*



### Leve Heile livet

**Leve hele livet**  
- en kvalitetsreform for eldre



*Leve heile livet* er ein kvalitetsreform for eldre, med målgruppe 65+. Reforma skal gå over ein 5-års periode med oppstart 1.1.19. Den tek for seg fem hovudområdar, og under kvart område fem utfordringar og fem forslag til løysingar. Desse hovudområda er 1) Aldersvennleg samfunn, 2) Aktivitet og fellesskap, 3) Mat og måltid, 4) Helsehjelp og 5) Samanheng og overgang i tenestane. Dette forprosjektet skal ta stilling til forbettingsområdane i *Leve heile livet*, basert på kartlegginga i forstudie, og planleggje korleis me skal gjennomføre dette lokalt, på tvers av sektorar og i lokalmiljøet.

Prosjektnummer i økonomisystemet: .....

Siste revisjon: Ål, 06.03.20

Prosjektansvarleg:

**Elise Jakobsen**

**Fag- og Kvalitetsutviklar**

**Ål Kommune**

Prosjektleiar:

**Birgitte Skare**

**Sjukepleiar**

**Ål Kommune**

## Innhold

<b>1. MÅL OG RAMMER</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Mål	5
1.3 Rammer og avgrensninger	6
<b>2. OMFANG</b>	<b>6</b>
2.1 Oppgåveskildring og avgrensning	6
<b>3. ORGANISERING AV GJENNOMFØRINGA</b>	<b>8</b>
3.1 Ansvar	8
3.2 Andre roller og bemanning	8
<b>4. BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING</b>	<b>9</b>
4.1 Krav til beslutningspunkt	9
4.2 Oppfølging	9
4.3 Milepæler	9
<b>5. RISIKOANALYSE</b>	<b>9</b>
5.1 Kritiske suksessfaktorar	9
5.2 Kvalitetssikring	11
<b>6. MÅLGRUPPER, INTERESSENTER OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI</b>	<b>11</b>
6.1 Interessenter/målgrupper	11
6.2 Kommunikasjonsstrategi	11
<b>7. GJENNOMFØRING</b>	<b>12</b>
7.1 Dokument/produkt	12
7.2 Tids- og ressursplaner	12
<b>8. ØKONOMI</b>	<b>14</b>
<b>9. AVTALE</b>	<b>15</b>

# 1. MÅL OG RAMMER

## 1.1 Bakgrunn

Det er med bakgrunn i forstudie for *Leve heile livet* at vi går i gang med dette forprosjektet. Denne fasen i prosjektet er meint å vare frå februar 2020 til oktober 2020 i fyrste omgang, med ein pause i prosjektet frå mai-august til vi veit om vi får tilskot til å drifte det vidare. Heile prosjektet beror på om vi får tilskot til å drive det vidare.

### **Reforma har fem hovudområder**

#### *1. Eit aldersvenleg Norge*

- målet er å skape eit samfunn som legg til rette for at eldre kan bidra og delta i samfunnet.

#### *2. Aktivitet og fellesskap*

- målet er auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap.

#### *3. Mat og måltid*

- målet er å redusere feilernæring og skape gode mat- og måltidsopplevingar for den einskilde.

#### *4. Helsehjelp*

- målet er å styrke opplevinga av meistring og livskvalitet, førebygge funksjonsfall og gje rett hjelp til rett tid.

#### *5. Samanheng og overgangar i tenestene*

- målet er å auke tryggleik og forutsigbarheit i pasientforløpet for den eldre og deira pårørande.

### **Plan og verkemiddel**

Reformperioda starta 1. januar 2019 og varar i fem år med ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering.



#### *Fase 1 (2019) Informasjon, spreying og oppstart:*

«Leve heile livet» blir satt på dagsorden, spreie informasjon og kunnskap om reforma, etablere eit nasjonalt og regionalt støtteapparat og utvikle verktøy og materiell for gjennomføring av reforma lokalt.

#### *Fase 2 (2019-20) Kartlegging, planlegging og beslutninger:*

Kommunane har perioda 2019–2020 til å ta stilling til løysingane i reforma og planlegge korleis dei vil utforme og gjennomføre dei lokalt.

#### *Fase 3 (2020-23) Gjennomføring, implementering og rapportering:*

Starte arbeidet med gjennomføring lokalt.

**Fase 4 (2023) Evaluering og forbetring:**

Reforma skal evaluerast gjennom følgjeforskning i eit representativt utval kommunar.  
Midtvegsrapport og resultatevaluering.

**Lokalpolitisk behandling og forankring**

«Reformen legger opp til at kommuner og fylkeskommuner gjennom politiske vedtak, skal ta stilling til hvordan tiltakene i Leve hele livet kan utformes og gjennomføres lokalt, og deretter innarbeide dem i sitt planverk og sette reformen ut i livet»  
(Meld.St. 15, 2017-2018, side 168).

1. Kommunen skal ta stilling til løysingane i *Leve hele livet*, og planleggje korleis dei vil utforme og gjennomføre dei lokalt.
2. Kommunestyret skal, gjennom politiske vedtak, behandle og vedta oppfølging av reforma gjennom prosjektplan, budsjett og handlingsplan.
3. Når kommunen har beskrive korleis ein vil utforme løysningane, startar arbeidet med å gjennomføre reforma.
4. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert innafor relevante eksisterande og nye øyremerka ordningar.

**Regionalt støtteapparat**

For å støtte kommunane med framdrift og gjennomføring av reforma, er det etablert eit regionalt støtteapparat. Fylkesmannen i samarbeid med KS og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester kan tilby kommunane rettleiing og råd, være behjelpeleg i planlegging, omstellings- og endringsarbeid, og tilby deltaking i forbettingsnettverk.

**Lokale planar**

Ål kommune arbeidar i dag med ulike utviklingsprosjekt som td.:

- Demensvenleg samfunn
- Bruk av velferdsteknologiske løysingar og tenesteinnovasjon
- Heilskaplege pasientforløp og trygge overgangar
- Aktivitet og kvardagmeistring
- Ernæringsnettverk
- Tidleg innsats og god tenestekvalitet
- Arbeidstidsordningar
- Bu- og blilyst

Allereie pågående prosjekt og aktive satsingsområder i Helse og omsorg vil bli vidareført og samordna med eldrereforma.

Vidare arbeid vil i størst mogleg grad ha ei tilnærming til reforma slik at den reflekterer lokal relevans og nytteverdi. Prosessane ute i avdelingane må vera godt samordna for god gjennomføring av tiltaka. Det blir viktig å kartlegge eksisterande system og legge desse til grunn for praktisk planlegging.

**Forhold til overordna plan:**

Kommuneplan.

Helse- og omsorgsplan.



### Vurdering:

Reforma handlar om korleis kommunane kan byggje eit meir aldersvenleg samfunn, som kjem heile befolkninga til gode.

*Leve heile livet* lyftar fram 25 gode løysningar og hundrevis av eksempel på korleis kommunane kan sørge for god mat og gode måltid, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Løysningane bygger på kva tilsette, eldre, pårørande, frivillige, forskrarar og leiarar har sett fungere i praksis. Arbeidet byggjer på ei erkjenning av at gode løysningar allereie finns ute i kommunane, og at desse blir delt og implementert med andre.

Reforma er særskilt retta mot helse- og omsorgstenestene, men regjeringa er tydeleg på at alle sektorar må bidra for å skape eit meir aldersvenleg samfunn. Planlegging og utforming av nærmiljø og lokalsamfunn vil krevje god tverrsektoriell samhandling.

Dei eldre og pårørande har ei særskilt viktig stemme i utviklings- og endringsarbeidet, og skal inviterast med i arbeidet for å planleggje og utforme reforma lokalt.

Det blir lagt opp til ein prosess der Ål kommunestyre behandler og vedtek korleis reformens løysningar kan tilpassast lokale forhold, og innførast i samarbeid med andre tenesteområder, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet.

Det skal utarbeidast prosjektplan og handlingsplan for gjennomføring av *Leve heile livet*.

Det blir gjeve orienteringar om prosjektet til politisk nivå og til eldrerådet i reformperioda.

## 1.2 Mål

### Overordna målsetting:

Etter reformperioda i 2023, har vi som mål at:

*«Minimum 10 av behova utifrå kartlegginga er dekt, retta mot leve heile livet, i målgruppa eldre over 65 år».*

### Effektmål (etter eit evt. hovudprosjekt):

Prosjektets målgruppe er alle eldre over 65 år. Det er ein omfattande reform som går over fem år, så det kan ta tid før ein vil legge merke til gevinstrealiseringa. Etter eit evt hovudprosjekt ynskjer vi at :

- Ål kommune har fleire samarbeidspartnere (næringsliv, frivillighet, pårørande etc.).
- Auka kjennskap til «leve heile livet» som helsereform.
- Ål kommune jobbar meir tverrsektorielt.
- Ål kommune har blitt meir innovativ og dyktig på innovasjonsprosessar og prosjektleiing.
- Fleire samarbeidsprosjekt.
- Meir heilhetlig tilbod til eldre i kommunen.
- Eksisterande prosjekter innan «leve heile livet» er synliggjort og inspirerer mange.
- Vi har oppnådd god kunnskap og oversikt over tilbod og aktivitetar som eksisterer i Ål kommune.
- Vi har oppnådd brei forankring hjå politikare i Ål kommune.

## Resultatmål for aktuell fase:

«Etter endt forprosjekt, har prosjektgruppa utarbeidd ein handlingsplan, som skildrar korleis ein kan sette i verk konkrete tiltak for å innfri kartlagde behov».

### 1.3 Rammer og avgrensninger

Heile reforma har ein avsett tidsperiode på fem år, men sjølve forprosjektet går over ein periode på seks månader, frå 01.02.20 til 31.10.20 (med pause frå 01.05-01.08). I denne fasen vil vi planlegge korleis vi kan setja i verk tiltak ut frå prioriteringslista. Dersom det er enkle tiltak som ikkje krev store ressursar å få gjennomført, vil desse få høgst prioritet i det vidare arbeidet.

Prosjektet har midlar til prosjektleiar i 60 % stilling frå 1/1-20 til 30/04-20. Me vil søkje innovasjonstilskot for å drive prosjektet vidare, men vil truleg ikkje få attendemelding på denne søknaden før utsida sommaren. Prosjektet blir difor satt på pause i ein tre månaders periode. Det er uvisst om me får gjennomført heile forprosjektet, dersom vi ikkje lykkast å få tilskotsmidlar. Utover eventuelle tilskot, har me ingen tilførsel av kapital eller andre ressursar.

Dette sitatet frå St.mld 15 Leve heile livet syner at kommunane må gjere omprioriteringar innan eigen drift og økonomiske rammer:

#### Økonomisk avgrensning.

«Flere av de foreslalte løsningene kan bidra til mer effektive tjenester og et mindre omfattende tjenestebehov hos de eldre på sikt. Det legges derfor til grunn at kommuner, fylkeskommuner og helseforetak selv må foreta nødvendige omprioriteringer innenfor egen drift og økonomiske rammer (...) Det understrekkes at forbedring av eldremomsorgen i hovedsak dekkes av kommunenes frie inntekter(...) Kommuner som omstiller seg i tråd med reformen, vil bli prioritert innenfor relevante eksisterende og eventuelle nye øremerkede ordninger.» (St.mld. 15 Leve Hele Livet, s. 175).

## 2. OMFANG

### 2.1 Oppgåveskildring og avgrensning

I dette forprosjektet vil hovudaktivitetane vere PLANLEGGING FOR GJENNOMFØRING:

Hovudaktivitet	Hensikt	Viktige deloppgåver	Resultat	Utført
Få på plass prosjektorganiseringen, ved å innhente «dei rette folka».	Sikre god struktur innad i prosjektgruppa.  Betre sjansen for å lukkast med prosjektet dersom ein får med engasjerte og	- Invitere til ein 3-timars inspirasjonsøkt for prosjektgruppa, med workshop.	Reforma blir godt kjent i alle sektorar.  Interessa og engasjement veks.	12/03-20

Hovudaktivitet	Hensikt	Viktige deloppgåver	Resultat	Utført
	dedikerte medarbeiarar.		<ul style="list-style-type: none"> <li>Skape gode idear.</li> <li>Skape godt kjennskap innan dei ulike sektorar.</li> <li>Skape eigarforhold.</li> <li>Skape engasjement.</li> </ul>	
Spreie informasjon om reforma på politisk nivå.	Sikre forankring på høgste nivå.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opprette sak til kommunestyremøte i april 2020, der ein ser på vidare arbeid med reforma, evt. behov for økonomiske midlar og ressursar.</li> <li>- Informere dei ulike sektorutvalga?</li> </ul>	Betre sjansen for at reforma blir godt forankra.	
Spreie informasjon om reforma til det nye eldrerådet.	Brukarmedverknad.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta på fyrste møte med det nye eldrerådet 11.02.20, informere om reforma, samt presentere resultata etter kartlegginga.</li> <li>- Ein frivillig frå eldrerådet er med i styringsgruppa vidare og prosjektgruppa.</li> </ul>	Eldrerådet føler seg inkludert i prosessen. Dei avtroppende får informasjon om det som dei har jobba med, og dei ny-verva i eldrerådet blir engasjert til vidare arbeid.	11/02-20
Møter med referansepersonar	Planlegging av korleis ein kan få til ein gjennomføring innanfor kvart område.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte med kafè Tid</li> <li>- Møte med frivilligsentralen</li> <li>- Møte med næringslivsaktørar (Brakar, Ål drosjesentral, handelsstaden ++)</li> </ul>	Oppnå resultatmål i aktuell fase.	



### 3. ORGANISERING AV GJENNOMFØRINGA

#### 3.1 Ansvar

Prosjekteigar PE:	Ål kommune v/Borghild Ulshagen
Prosjektansvarleg PA:	Fag- og kvalitetsutviklar Elise Jakobsen
Prosjektleiar (PL):	Birgitte Skare
Styringsgruppe (SG):	Kommunen representert ved kommunalsjefar frå kvar sektor, samt representant frå eldrerådet. Vegard Hoel, sektor oppvekst Borghild Ulshagen, sektor helse- og omsorg Hilde Bjørnsvik, sektor kultur Reidun Aaker, sektor drift- og utvikling Arvid Tveit, leiar i eldrerådet
Prosjektmedarbeidarar:	Hilde Nysæther Frantzen, folkehelsekoordinatør Kristine Kapperud, kultur- og idrettskonsulent Elise Jakobsen, fag- og kvalitetsutviklar Gunn Marit Oleivsgård, leiar i frivilligsentralen Einfrid Hagen, styrar i Nordbygda barnehage Anne Marie Stokkedal, rektor Ål ungdomsskule Arvid Tveit, leiar i Ål eldreråd Repr. frå sektorutvavlget

#### 3.2 Andre roller og bemanning

Referansegruppe:	Deltakere på innspillsmøter, lokalt næringsliv m.m
	<ul style="list-style-type: none"><li>• USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimetjenester)</li><li>• Frivilligsentralen</li><li>• Eldrerådet</li><li>• Næringslivet</li><li>• Fellesskjøkkenet i Hol</li><li>• Ål drosjesentral</li><li>• Brakar</li><li>• Biblioteket</li><li>• Handelsstaden Ål</li><li>• Småjobbsentralen</li><li>• Kyrkja v/ Hilde Kirkebøen</li><li>• Utbyggjarar/firma</li><li>• Kafè Tid</li></ul>

## 4. BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING

Beslutningspunkt utenom de obligatoriske ved start og avslutning må vurderes.

### 4.1 Krav til beslutningspunkt

**BP-01** 12.03.20 Gjennomgang og godkjenning av prosjektplan. Det operative arbeide med prosjektfasen starter.

**BP-02** **Våren 2020?** Godkjenning av sak i kommunestyre

**BP-03** Sumaren 2020 Svar på søknad om økonomisk stønad til å videreføre prosjektet

**BP-04** 30.10.20 Presentasjon av endt prosjektfase

### 4.2 Oppfølging

Oppstartsmøte i prosjektgruppa: 12.03.20.

Jamleg kontakt mellom PA og PL. PL rapporterer fortløpende til PA om gangen i prosjektet. SG møter blir antatt to ganger, i oppstarten og i avslutningen. Statusoppdatering elektronisk til SG før sumaren 2020.

PG møter antas å være ca ein gong i månaden.

### 4.3 Milepæler

Nr	Dato	Tilstand/Hendelse
01	Uke 7	Styringsgruppemøte. Godkjenning av sluttrapport forstudie. Godkjenning av oppstart med forprosjekt.
02	Uke 11	Kick off – oppstartsmøte PG. Workshop og idemyldring.
03	?	Sak i kommunestyre
04	?	Svar på søknad om økonomisk stønad. Kan prosjektet fortsetje?
05	Uke 44	Levert sluttrapport forprosjekt

## 5. RISIKOANALYSE

### 5.1 Kritiske suksessfaktorar

Risikofaktor	S (sannsynlighet)	K(konsekvens)	RF(risikofaktor)	Mottiltak
Midlar - Vi får ikkje tilstrekkeleg med midlar til å gjennomføre det vi ynskjer.	4	5	20	Vi må prioritere annleis.
Prosjektleiar har kun 60 % stilling ut april i fyrste omgang – det er uvisst om vi får midlar til å ha PL vidare frå hausten.	3	5	15	??



Risikofaktor	S (sannsynlighet)	K(konsekvens)	RF(risikofaktor)	Mottiltak
Midlar - Vi får ikkje tilstrekkeleg med midlar til å gjennomføre det vi ynskjer.	4	5	20	Vi må prioritere annleis.
Prosjektmedarbeidarane får ikkje tilstrekkeleg med tid til å jobbe med prosjektet	3	5	15	<i>Leve hele livet</i> må synleggjera godt i leiinga, det må forankras på øvste leiarnivå, og det må informerast nedover i systemet om at prosjektet skal prioriterast. Det må om mogeleg inn ressursar til å frigje tid for prosjektmedarbeidarane.
Prosjektet er dårlig forankra på alle plan (politikarar, sektorar, næringsliv, m.m)	2	5	10	1. Gå tidlig ut med informasjon til alle sektorar og avdelingar. Sørge for at alle i styringsgruppa får eit eigarskap til prosjektet. 2. Prosjektleiar inviterer seg med på sektormøter, møte med næringsstyret, spreier informasjon der det trengs.
Prosjektgruppa er lite motivert	2	5	10	1. Prosjektleiar sørger for at alle medarbeidarar i prosjektet veit kva dei går til, og sørger for at dei kjenner at dei har lyst til å jobbe med dette. 2. Alle i prosjektgruppa må få eit eigarskap til prosjektet, ved at dei får arbeidsoppgåver som gjer mening ut i deira avdeling.
Samarbeid ut mot eksterne aktører blir utfordrane, dei forstår ikkje dei utfordrande behova	3	5	15	PL må nytte seg av interne bindeledd mot næringslivet, og invitere seg med på møte med næringsstyret for å informere om prosjektet. PL presenterer behov for målgruppa, og fortell om prosjektet til aktuelle aktørar, slik at dei kan forstå verdien av å bidra.
Dårlig kommunikasjon og handlekraft innad i prosjektgruppa og i arbeidsgrupper	4	5	20	1. Her må prosjektleiar vere tydeleg i formidlinga og ansvarsfordelinga. 2. Prosjektleiar må vere «på» og fylgje opp kvar einskild i prosjektgruppa.
Handlingsplanen er urealistisk og tidsplanen er for knapp	2	4	8	Statusmøter underveis.



## 5.2 Kvalitetssikring

Viser til ovenstående tabell med mottiltak.

På fylgjande måte vil kritiske suksessfaktorar kvalitetssikrast:

- Avgrense måla, slik at dei er realistiske og oppnåeleg.
- Alle i prosjektgruppa må einast om å prioritere dei største behovsområde vi skal jobbe vidare med.
- Tidlig spreiing av informasjon om reforma, til alle nivå i alle avdelingar, sektorar, politikarar, næringsliv og brukargrupper.
- Utvikle gode presentasjonar som beskriv prosjektet godt.
- Medverknad av eldreråd.
- Ha ein god kommunikasjon i heile prosjektteamet, ved at prosjektleiar er tydeleg i formidlinga og fylgjer opp kvar einskilt medarbeidar i deira ansvarsoppgåver.
- God leiarstruktur innan prosjektgruppa.
- Realistisk planlegging og beslutningsdyktig styringsgruppe.
- God informasjon til næringslivet om bakgrunnen for prosjektet.

# 6. MÅLGRUPPER, INTERESSENTER OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

## 6.1 Interessenter/målgrupper

Viktige interessenter for prosjektet er:

- Kommune ved politisk ledelse, rådmann, ledergruppen og ansatte som berøres
- Fylkeskommune
- Lokalt næringsliv (utbyggjarar, matbutikkar, kafè, transportsnæringa)
- Lokalsamfunn (eldre 65+)
- Kyrkja

## 6.2 Kommunikasjonsstrategi

Kommune:

- Kommunestyret mottek oppdatert informasjon om prosjektet frå politisk og administrativ leiing.

Fylkeskommune

- Fylkeskommunen mottek informasjon om framdrift i prosjektgjennomføringa frå kommunen

Lokalt næringsliv:

- Næringslivet mottek informasjon via næringsstyret
- Næringslivet mottek supplerande informasjon frå media og heimesida til kommunen.

Eldreråd:

- *Leve hele livet* står på agenda på kvart eldrerådsmøte. Leiar av eldrerådet deltek inn i PG og SG.

Prosjektgruppa:

- PL kallar inn til møter ein gong kvar månad.
- Mailkorrespondanse, prosjekstrom og teams

SG:

- Statusmøter, evt innkalling til ekstraordinært SG møte dersom avvik i planen.
- Prosjektorom/teams

## 7. GJENNOMFØRING

### 7.1 Dokument/produkt

Mandatet for dette forprosjektet er:

*Prosjektgruppa skal sjå til at funn frå kartlegginga i Forstudiet blir tatt med til neste fase av prosjektet. Funna skal legga grunnlag for vidare arbeid med reforma. Forprosjektet skal prioritere tiltak og praktisk planleggje korleis ein kan setja i verk og gjennomføra desse. Det blir viktig å kartlegga eksisterande system og legga desse til grunn for praktisk planlegging. Det vil derfor vera formålstenleg å inkludera prosjektmedarbeidarar og ressurspersonar frå ulike sektorar som kan forankra og vidareføra prosjektet inn mot eiga eining. For å sikre vidare politisk forankring skal prosjektet presenterast for Kommunestyret i løpet av denne prosjektperioden. Forprosjektet er meint å vara i seks månader - frå starten av februar 2020 til ut august 2020. Kommunen har midlar til å løne prosjektleiar fram til 30.april 2020. Det må derfor søkjast midlar frå Fylkesmannen for å vidareføre prosjektet. Skrive søknad blir fyrste prioritet i februar. Innsendingsfrist er 1.mars 2020. Svar på søknad kjem sannsynlegvis ikkje før juni/juli 2020. Prosjekteiar fortset i stillinga si som planlagt ut april 2020, og gjenopptek prosjektarbeidet i august - dersom kommunen får midlar til å drifte prosjektet vidare.*

*Styringsgruppa skal bestå av representantar frå alle rørte sektorar. Desse representantane vil i oppstartsfasen av forprosjektet hjelpe prosjektleiar med tips til korleis organisera prosjektet vidare.*

*Konkretisering av prosjektet og valt innsatsområde blir gjort gjennom prosjektplan. Prosjektleiar skal saman med prosjektgruppa gjere ein vurdering av kva som er realistisk å få gjennomført. Denne blir deretter presentert for styringsgruppa for innspel og godkjenning før vidare prosjektarbeid*

*Prosjektleiar skal levere ein sluttrapport innan prosjektperioda utløpar, der ein omhandlar korleis ein vil fullføre tiltaka i Ål kommune.*

### 7.2 Tids- og ressursplaner

Hovedaktivitet:	Feb`20	Mar`20	Apr`20	Aug`20	Sept`20	Okt`20
Oppstart, planlegging og iverksetting: - Søke innovasjonsmidlar - Fagrappor						
- Prosjektplan - Få på plass PG						
Godkjenning av prosjekt- plan.						
Prosjektgruppemøte						
Styringsgruppemøte						
Statusmøte SG						
Forberede sak til kommunestyremøte						
Beslutningspunkt						
Inspirasjonsdag?						
Sluttrapport						

Navn	Avd/org.	Hovedaktivitetar	Tidsperiode	Dagsverk
Kristine Kapperud	Kultur	1. Planleggje korleis ein kan spreie informasjon ut til dei eldre, i samarbeid med prosjekt Bu- og blilyst.	Heile perioda	2-5
Hilde N. Frantzen	Drift og utvikling	1. Planleggje korleis leggje til rette for strø/brøyting på gangvegar, i sentrum og heime hjå eldre. Sjå på mogelegheit for parkerings utanfor Tingstugu. 2. Planleggje korleis jobbe med aldersvenlege bustadar.	Heile perioda	2-5
Repr. frå oppvekst	Oppvekst	1. Planlegge korleis ein kan sikre god struktur i generasjonsmøte. Korleis kan ein oppretthalde møteplan. Kva fungerer og kva fungerer ikkje. Væra eit bindeledd inn mot eiga sektor.	Heile perioda	2-5
Gunn Marit Oleivsgard	Frivilligsentralen	1. På kva slags måte kan frivilligsentralen bidra inn i Leve hele livet? Kva slags utfordringar har frivilligsentralen? Korleis ivareta og verve frivillige? Korleis få ein betre frivilligkultur i kommunen? 2. Transport, korleis kan ein evt løyse utfordringar knytt til transporttilbod for eldre i grendane? Samarbeid med Bu- og blilyst.	Heile perioda	2-5



Elise Jakobsen	Helse/Omsorg	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planlegge korleis ein kan få til ein betre organisering i heimesjukepleia.</li> <li>2. Planlegge korleis ivareta pasientar og pårørandes behov for å bli sett, høyr og spurt.</li> <li>3. Planlegge/sjå på nytteverdien av fast årleg innkalling til fastlegen for dei eldste.</li> <li>4. Rutinar for å ivarata tru og liv, i ulike religionar. Få det inn i kvalitetssystemet.</li> </ol>	Heile perioda	2-5
Representant frå sektorutv. H/O	Sektorutv for H/O	Delta på PG møte. Væra informert om utfordringar, behov og ynskjer. Væra eit bindeledd mot politisk nivå.	Heile perioda	2

## 8. ØKONOMI

### Økonomiske konsekvensar:

Det fyljer ikkje økonomiske verkemiddel med reforma, men kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert innafor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerka ordningar. Ut over dette må kommunen gjere omprioriteringar innan eigen drift og økonomiske rammer. 01.03.20 var fristen for å søkje innovasjonsmidlar hjå fylkesmannen. Det vart skriven ein god og utfyljande søknad, men svaret på den er ikkje å vente før ut på summaren. Prosjektet er nøgd til å stoppast midlartidig frå 01.05.20 til 01.08.20 grunna mangel på midlar til å drifte prosjektet. Det blir vanskeleg å laga budsjett utan noko oversikt over kor mykje vi har å disponere.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart/Kostn pr hovedakt	Beløp	Finansieringstype og kilde	Beløp
Prosjektleiar 60 % 01.02.20-01.05.20	132 500,-	Prosjektmidlar	132 500,-
<b>Sum</b>	<b>132 500,-</b>	<b>Sum</b>	<b>132 500,-</b>



## 9. AVTALE

Denne prosjektplanen er arbeidskontrakt mellom prosjektet og prosjektleiar.

Sted, dato:

Fag- og kvalitetsutviklar

---

Prosjektansvarleg

---

Prosjektleiar